

## Møtereferat 5/17 – P3

**Delprosjekt:** P3 – Interkommunalt samarbeid

**Møtestad:** ID-huset, Brattvåg

**Dato:** 08.12.2017

**Tid:** 0830 – 1225

**Til stades:**

---

### Delprosjektmedlemer

Oddvar Myklebust, leiar	Sandøy kommune
Frode Andresen, nestleiar	Ørskog kommune
Haldor Lillebø	Haram kommune
Kjell Haukeberg	Skodje kommune
Svein-Rune Johannessen	Ålesund kommune

Tillitsvalde:

Frode Nordstrand, HTV, og Stig Meisal, HVO

Andre:

Frå administrasjonen: Medlemer i administrativ kartleggingsgruppe 'Hopehav', Ronny Frekhaug (Ålesund) og Per Langnes (Haram), Olav Aarø (kommuneadvokat i Ålesund) og Tore Hals (administrativ tilretteleggar for delprosjektet).

### Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
013/17	Skisse til rapport og tilråding frå delprosjektgruppe P3 – utkast 2

## Skisse til rapport og tilråding frå delprosjektgruppe P3 – utkast 2

Sak nr	Utval	Møtedato
013/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	08.11.2017

### Vedtak:

Delprosjektgruppa held fram med drøftingane i møtet 9. januar 2018.

Administrasjonen blir bedt om å justere skissa i tråd med drøftingane og legge dette fram i utkast 3 til det komande møtet.

### Behandling:

Delprosjektgruppa diskuterte punktvis utkastet til tilråding og kom med munnlege merknader og synspunkt. Det vart avtalt nytt møte 9. januar frå kl. 0900 – 1200 i Ålesund rådhus, møterom 1023 (10. etasje i høgblokka) med mål om å avslutte arbeidet.

Framlegget til vedtak samrøystes vedtatt der nytt møte vart sett til 9. januar 2018.

### Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa held fram med drøftingane i møte ...

Administrasjonen blir bedt om å justere skissa i tråd med drøftingane og legge dette fram i utkast 3 til det komande møtet.

Tore Hals  
referent

**Skisse til rapport og tilråding frå delprosjektgruppe P3 – Utkast 2**

Sak nr	Utval	Møtedato
013/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	08.12.2017

**Vedtak:**

Delprosjektgruppa held fram med drøftingane i møtet 9. januar 2018.

Administrasjonen blir bedt om å justere skissa i tråd med drøftingane og legge dette fram i utkast 3 til det komande møtet.

**Behandling:**

Delprosjektgruppa diskuterte punktvis utkastet til tilråding og kom med munnlege merknader og synspunkt. Det vart avtalt nytt møte 9. januar frå kl. 0900 – 1200 i Ålesund rådhus, møterom 1023 (10. etasje i høgblokka) med mål om å avslutte arbeidet.

Framlegget til vedtak samrøystes vedtatt der nytt møte vart sett til 9. januar 2018.

**Framlegg til vedtak:**

Delprosjektgruppa held fram med drøftingane i møte ...

Administrasjonen blir bedt om å justere skissa i tråd med drøftingane og legge dette fram i utkast 3 til det komande møtet.

**Vedlegg:**

Nye Ålesund og interkommunale samarbeid. Tilråding til fellesnemnda – Utkast 2

**Saksframlegg:**

### Bakgrunn for saka

I møtet 28. november behandla prosjektgruppa utkast 1 til gruppa sin rapport, eller tilråding, til fellesnemnda. Prosjektgruppa gikk punktvis gjennom skissa og kom med sine kommentarar som administrasjonen vart bedt om å innarbeide i utkast 2. Utkast 2 ligg ved som eige vedlegg.

### Endring frå utkast 1 til utkast 2

Endringane er merka med gult og indikerer tre ting:

- Retting av feil eller påfyll av ord som manglar,
- endring av tidlegare tekst, og
- ny tekst der utkast 1 hadde tomme felt.

Rettingane og endringane er i stor grad gjort ut frå det som kom fram i siste møtet i prosjektgruppa. Den nye teksta byggjer på signal som vart gitt i siste møtet og på vurderingar administrasjonen har gjort på eiga hand.

**Punkt A** Tilråding, pkt. 9: Her er det skissert 2 alternativ markert med raud skrift. Delprosjektgruppa må velje eitt av desse, eller noko anna.

**Punkt B** Oppdraget: Her er det tatt inn eit nytt første avsnitt. Dette er gjort for at det skal bli ein samanheng mellom tilråding (punkt A) sitt første punkt og det som står utgreiinga. Andre og tredje avsnitt i punkt B er henta frå punkt E i utkast 1.

**Punkt E** har fått endra overskrift frå Direkte ansvar, Sterk styring. Høg kontroll, til Endring i lover. Innhaldet i det nye punktet E er nytt. Noko av det som sto i utkast 1 er flytta til pkt. B, jf. det som er nemnt ovanfor, og noko er tatt inn i punkt G og H.

**Punkt F** Kriterier for vurdering, er utvida med nokre spørsmål for å minne om at eitt av måla med kommunereforma er å redusere omfanget av interkommunalt samarbeid.

Endringane frå utkast 1 til utkast 2 er så store at det vil kunne vere nødvendig med enno eit møte før delprosjektgruppa kan avslutte sitt arbeid. I så fall må prosjektgruppa bestemme tidspunkt – anten allereie før jul eller tidlig på nyåret.

Tore Hals  
administrativ tilretteleggar